

Hordaland Bygdekvinnelag – Nytt 1- 2023



Hordaland

Innhald 1 / 2023

Dato 13.mai 2023

Redaktør : Åsa Gunnarsdottir
leiar i HBK

- Frå styret i Hordaland Bygdekvinnelag
- Kva skjer i Norges Bygdekvinnelag
- Frå årsmøtet på Tysnes
- Frå distriktsleiarsamlinga
- Ei god bygdekvinne har gått bort
- Velkomen til streif på Huglo
- Klimahjørnet – bærekraftsmåla



Kjære Bygdekvinner i Hordaland
Ynskje dykk alle ein riktig god sommar i vente

Frå Styret i Hordaland Bygdekvinne­lag- HBK

Etter eit flott årsmøte på Tysnes har styret i Hordaland Bygdekvinne­lag hatt styremøte der me konstituerte oss . Åsa Gunnarsdottir og Astrid Lunestad vart valt som leiar og nestleiar på årsmøtet. Helga Fossheim held fram som kasserar, Siv Helle Prestegard tek over som skrivar og Maries Custers som er ny i styret er styremedlem.

Regionskontakt for Folgefonna er Siv Helle Prestegard, for Hardanger mot Bergen er Astrid Lunestad, for Voss er Maries Custers og for Sunnhordland er Helga Fossheim. Leiar Åsa fekk ikkje anledning å reisa på den årlege distriktsleiarsamlinga i Oslo i april, men Siv Helle Prestegard var stedfortredar. Dette er ei gjevande og motiverande samling med mykje interessant og lærerikt innhald. Sjå artikkel under.

Me gler oss veldig til å treffa dykk på streifen på Huglo, no er det berre få dagar til påmeldingsfristen er ute og det er viktig at du har meldt deg på ikkje seinare enn nå på måndag.

I august vil me så ha eit lengre styremøte i Ulvik på ein laurdag der me legg litt klare linjer få arbeidet vårt. **Vil minna alle laga på at om det er saker de ynskjer at distriktstyret skal senda vidare til landsmøtet neste år så må de ta det med på lokallagets årsmøte i haust.** Det er lurt å begynna å tenkja på det allereie.

Det er kjekt om de tek kontakt med oss i styret, om det er spesielle ting de jobbar med som me kanskje kan bidra til. Då vil me gjerna vitja dykk så lenge me har anledning.

Kva skjer i Norges Bygdekvinne­lag

- Til hausten vert det arrangert Inspirasjonsseminar i Stavanger, dette er 10.-12.november. Det er alltid ei spennande helg med flotte inspirerande innlegg og veldig kjekt å møte bygdekvinner frå heile landet.
- Alle lokallaga har fått sendt ut Norges Bygdekvinne­lag sin valpakke. Bydekvinne­laget jobbar for å påverka i saker som er viktige for oss og nærmiljøet. I valpakken er det tips og info om skulemat og vern og bruk av matareala. Alle lag kan også vera med på eit zoom-møte om skulemat den 23.mai kl.18-19. Det er ikkje påmeldingsplikt, men flott om du melder deg på. Sjå meir om dette på nettsida til Norges Bygdekvinne­lag i nyheiter. Den nyheita er på Nynorsk, og det likar me.
- Det vert tilbod om ulike kurs på Zoom i løpet av året, det er viktig å vera innom på nettsida til Norges Bygdekvinne­lag slik at de kan få dei med dykk.
- Elles vert me minna på å sjekka at me har rett adresse på *Min side*, me kan redigera sjølve eller få hjelp i tlf: 22 05 48 15 eller post@bygdekvinneleaget.no . Me oppfordrar dykk å delta i digitale kurs i bruk av medlemsregistret når de får invitasjon.
- Verving er viktig heile tida, men også lurt å bruka vervevekene 5, 6 og 7 og Bygdekvinneveka 20.-30.august.
- Likestilling og styrking av kvinner sine rettar er viktig for å unngå matkriser og fattigdom. Prosjektet for å støtta kvinner i Guatemala held fram og lokallaga er oppfordra til å gje økonomisk bidrag til arbeidet. Støtte kan betalast til konto: 9365 18 67841

Hugs at de finn mykje informasjon og ideer på heimasida til Norges Bygdekvinne­lag.

Frå årsmøtet på Tysnes

Det var 2 nydelege dagar på Tysnes. Dei som deltok var engasjerte og sjølve årsmøtet med dei faste sakene gjekk greit for seg. Ingebjørg Winjum hadde stø hand om klubba og fekk alle sakene gjennomført med stil. Det vart ingen større debatter slik at me heldt tida og kunne nyta plassen og gjera oss klare til festen på laurdagskvelden. Protokollen frå årsmøtet vert lagt ut på HBK si nettsida.

Maten på Haaheim Gaard var fantastisk og det var jo ei oppleving både maten, hotellet og hagen. Verten Torstein, eller husfar som bygdekvinne på Tysnes kallar han, laga ei ekstra stemning på det heile, med nydeleg song, speling på lur og forteljinga om staden. Og han fortalde også mange gode og morosame historier ved fleire høve så latteren stod i taket.

På sundagen var det gode lokale innslag og me avslutta med gruppearbeid der alle årsmøtedeltakarane var med og diskuterte forskjellige tema og leverte inn til det nye styret for å ha med seg i sitt vidare arbeid. Dette gruppearbeidet fekk me gode tilbakemeldingar på i evalueringa. Det var mange nøygde bygdekvinne som reiste heim etter desse 2 dagane. Stor takk til vertslaga Tysnes Bygdekvinne og Omvikdalen Bygdekvinne. Til neste år vil det vera årsmøte på Voss.



Frå distriktsleiarsamlinga i Oslo 22.-23.april 2023

Eg var så heldig å få representera laget vårt på Distriktsleiarsamlinga denne våren, saman med Sentralstyret, distriktsleiarane og administrasjonen i Norges Bygdekvinne. Leiaren vår Jorunn Henriksen ynskje velkomen, og vektla kor viktig det er for lokallaga at Distriktslaga fungerer godt. Mange stader er **Bygdekvinne "Limet i bygda"**. Der er også Distriktslag som slit med rekruttering til styret, det er mange som ynskjer å vera "vanlege medlemmer", men færre vil ta på seg verv. Til Landsmøtet i 2020 kom der ei sak til NBK om å sjå på **Organisasjonsstrukturen**. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for organisasjonsutvikling, forventningar og mål. Me hadde gruppearbeid rundt temaet og saka vart ferdig til hausten og blir sendt ut til lokallaga då.

Me hadde rollespel: **"Gjennomføring av eit Årsmøte"**. Eg lærde at det er lurt å ha førebudd seg på Generaldebatten på førehand. Generaldebatten skal vera etter leiar sin tale og Presentasjon av innkomne saker.

Det vart orienterte om **"Sammen for inkludering"** og Evalueringsrapport "KvinnerUT- Mestring og Kompetanse". Det vart arbeidd med prosjekt i 5 kommunar, der Omvikdalen Bygdekvinne og Kvinnherad kommune er ein av dei.

Me fekk sjå bilete frå **tur til Guatemala** og arbeidet me bidreg med pengar til der.

I **"Distriktsleiarane sin time"** var det fokus på at der er ingen opplæring av Distriktsstyra, også svært få styrande dokument om kva Distriktsstyra har som oppgåver. Dette vart det arbeidd med sentralt. Martin Inderhaug frå Animalia snakka om **Bærekraft og Kosthaldsråda** som skal koma. Han starta med å stilla spørsmål, som me svara på gjennom mentometer på mobilen, svara våre kom straks opp på tavla, fancy!! 3% av landarealet vårt kan nyttast til landbruksareal. Metan har berre 12 års nedbytingstid, medan fossilt brenne har 100 år., likevel vart dei jamstilte. Husdyr har erstatta ville dyr, så metanutslepp frå dyr er konstant.

Norges Bygdekvinne tilbyr ein **Livsmestringstelefon**. Psykolog Tone Hansen orienterte om arbeidet sitt, når "Du ikkje ser skogen for berre tre". Medlemmer får 45 min gratis vegleiing (opnar opp, skapar refleksjon) 1 gong pr år.

Bilete av marokkansk mat som vart servert på samlinga



Med venleg helsing Siv Helle Prestegard
(me vil publisera heile dokumentet på HBK si nettsida)


Ei god bygdekvinna har gått bort

Berly Mjøs Giljarhus leiar i Egdetveit og Vinje Bygdekvinnelag har gått bort.

Berly døde 30.april på Voss sjukehus.

Berly var ei samfunnsengasjert kvinne og var med i fleire lag og ofte i styre.

Berly var med i Hordaland Bygdekvinnelag sitt styre i årene 2013-2017 og var skrivar. Sist var Berly med oss på årsmøtet på Tysnes, ho var engasjert til siste stund. Me lyser fred over hennes minne.



Velkomen til streif på Huglo

Laurdag 3.juni håpar me å treffa mange av dykk på Huglo. Invitasjonen vart sendt for nokon veker sida. Om du ikkje har meldt deg på så er påmeldingsfristen no på måndag den 15.mai.

Godt vær er bestilt og me skal få tid å prata saman og nyta samværet. Ta kontakt om du ikkje har fått invitasjonen.

Streifen er frå Kl. 11.00 – 17.00

Oppstart og velkomen med ein matbit i *Omshuset* på Nordhuglo. Dette er eit privateigd museum som rommar ei stor samling av gamle vedovnar.

Vidare vil me forflytte oss til midt på øya og i løpet av dagen få rundtur med buss, og elles besøke noko av det Huglo har å by på. Det blir servert lunsj, kaffi og kaker.

Lotteri ved Hordaland Bygdekvinnelag

Info frå Hordaland Bygdekvinnelag og frå Norges Bygdekvinnelag.

Velkomen!

Klimahjørnet – kva seier FN sine bærekraftsmål

Korleis kan me Bygdekvinner vera pådrivarar og påverka dei rundt oss til å gjera endringar . Me er alle ein del av FNs sine klimamål og alle må me ta ansvar. Det skjer endringar, men det betyr at me må jobba med dei kontinuerlig.

Vil her ta med FNS BÆREKRAFTSMÅL 12.3) Innan 2030 halvere matsvinn per innbyggjar på verdsbasis, både i detaljhandelen og blant forbrukarar, og redusere svinn i produksjons- og forsyningskjeda, inkludert svinn etter innhausting.

Kva kan me bidra med?

- Laga god handleliste, slik at me ikkje handlar inn unødvendige varer.
- Laga meny og planleggja middagane.
- Bruk restematen, der er mange spennande måltider i rester.
- Vera beviste på kor mykje det trengs til måltida.
- Etterspør norske råvarer med tanke på det som den norske bonden dyrker.
- Handla lokalt og gjerna direkte der det går an, også frukt og grønt med kosmetiske feil.

Her kan du sikkert leggja til fleire punkt. FN sine bærekraftsmål finner du på nettsida fn.no

LUKKA TIL Åsa

Ingen kan gjera alt, men alle kan gjera litt

GOD SOMMAR ALLE BYGDEKVINNER

Ta kontakt om det er ting de vil ta opp med oss i styret.

Bygdekvinnelaget møteplass for aktive kvinner